

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: Styret for Helse Vest RHF 23.05.2007, 08:00 - 12:00
Møtestad: Nådlandskroken 11, Stavanger

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret:

Oddvar Nilsen
Leder

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Svein Andersen
Medlem

Helge Espelid
Medlem

Gisle Handeland
Medlem

Reidun Korsvoll
Medlem

Inger Hamborg
Medlem

Magnar Lussand
Medlem

Aslaug Husa
Medlem

Ellen Solheim
Medlem

Gunvor Sunde
Medlem

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerende direktør Herlof Nilssen

Viseadministrerende direktør Helge E. Bryne

Fagdirektør Odd Søreide

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen

Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal

Seniorrådgivar Torunn Nilsen (ref)

Jan Hillman og Lennart Persson frå den nordiske ekspertgruppa, presenterte rapporten og var til stades under styrebehandlinga av sak 041/07 B

Revisor Kjell Ove Røsok og Nicolay Homme frå Ernst og Young oppsummerte hovudpunkta etter revisjon av rekneskap 2006 og var til stades under styrebehandling av sak 045/07 B

Saker:

B 07/40	Godkjenning av innkalling og dagsorden
B 07/41	Nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest
B 07/42	Godkjenning av protokoll frå styremøte 11. april 2007
B 07/43	Administrerende direktør si orientering
B 07/44	Rapportering frå verksemda pr 31. mars 2007
B 07/45	Årsoppgjer 2006 - Rekneskap og styret si årsmelding
B 07/46	Oppretting av konsernhovudverneombod i Helse Vest
B 07/48	Sosial- og helsedirektoratet sitt årlege brev til dei regionale helseføretaka 2007 (IS-2-2007)
B 07/49	Legefordeling - Helse Stavanger HF
B 07/50	Helse Bergen HF - sal av egedomen Vestlundvegen 22 D
B 07/51	Plan for internrevisjon 2007 - 2009
B 07/52	Tilskot til dekning av pensjonskostnader i samband med bestillinga 2007 for Haraldsplass Diakonale Sjukehus
B 07/53	Eventuelt

B 07/40 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Kommentarer:

Følgjande dokument var delt ut i møte:

Til Skriv og meldingar – relatert til sak 041/07 B Nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest:

- NRK ROGALAND Fredag 18.mai 2007, Nevrokirurgitilbudet i Stavanger
- Brev frå Stavanger kommune og Rogaland fylkeskommune til helse- og omsorgsminister Sylvia Brustad, dagsett 22.05.07 – Nevrokirurgisk virksomhet på Vestlandet
- Brev frå styret i Helse Stavanger HF til styret i Helse Vest, dagsett 22.05.07 – Vedr. det nevrokirurgiske tilbudet i Helse Stavanger
- Fax frå Ryfylkes ordførere til Helse Vest, dagsett 21.05.07 – Uttale frå Ryfylkes ordførere
- Brev frå ordførarar i dalane til styret i Helse Vest RHF, dagsett 18.05.07 – Nevrokirurgisk avdeling på SUS må bestå og nåværende beredskap opprettholdes
- E-post frå Rogaland SV til styret i Helse Vest, dagsett 22.05.07 – Uttale nevrokirurgi
- Brev frå brukerutvalget for SUS til Helse Vest, dagsett 15.05.07 – Angående nevrokirurgisk tilbud til Stavanger
- Brev frå styremedlemmer valgt blant de ansatte ved SUS til styret i Helse Vest RHF, dagsett 21.05.07 – Nevrokirurgi – Oppfølging av styresak 096/06 B i Helse Vest
- E-post og brev frå Haldor Slettebø, Klinikksjef Nevroklippen HUS, til styret i Helse Vest – Nokre presiseringar om nevrokirurgi i Helse Vest
- E-post frå Einar Knudsen, Stavangeraksjonen 2006, dagsett 20.05.07 med vedlegg – Utdypingar og presiseringar til styresak framlagt 16.5.07 angående nevrokirurgisk virksomhet i Helse Vest, utarbeidet av klinikkdirektør Jan Petter Larsen og avd.overlege Roald Baardsen SUS
- Innkalling til føretaksmøte i Helse Stavanger HF torsdag 24. mai 2007
- Innkalling til føretaksmøte i Helse Bergen HF torsdag 24. mai 2007
- E-post frå kommunelege 1 i Bjerkreim kommune, dagsett 22.05. 07 – Uttale frå kommuneoverlegane "Akuttmedisinsk beredskap forutsetter et godt nevrokirurgisk tilbud i Stavanger"
- Notat til styremedlemmene i Helse Vest frå Svein Arne Hapnes, seksjonsoverlege prehospital SUS, dagsett 22.05.07 – "Noen flyoperativemomenter"

Til Sak 043/07 O AD si orientering pkt 3:

- Brev frå Haraldsplass diakonale sjukehus til styret i Helse Vest, dagsett 18.05.07 – Haraldsplass diakonale sjukehus – Bestilling 2007 og dekning av pensjonskostnader

Til Sak 043/07 B Årsoppgjer 2006 – rekneskap og styret si årsmelding:

- Korrigerert saksførelegg (korrigererte årstal i vedleggsliste)

Til Sak 049/07 B Legefordeling i Helse Stavanger HF:

- Oversikt over legestillingar i Helse Stavanger

Følgjande saker vart meldt til sak 052/07 - Eventuelt:

Status kjøp av opptrenings- og rehabiliteringstenester 2007 (Svein Andersen)

Status ledige stillingar i Helse Vest RHF (Svein Andersen)

Regulering av løn til administrerende direktør i Helse Vest RHF (Svein Andersen)

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

B 07/41 Nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest

Kommentarar:

I styresak **96/06** fatta styret i Helse Vest RHF følgjande vedtak:

1. *Avtalen mellom Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF om nevrokirurgi jf styresak 80/05 blir vidareført. Helse Vest RHF vil ha ei særskilt tett oppfølging av om avtalen blir etterlevd i begge helseføretaka.*
2. *Helse Bergen HF intensiverer arbeidet med å etablere ei permanent bemanning innan nevrokirurgi i Stavanger i samsvar med gjeldande samarbeidsavtale. Helse Stavanger må bidra i dette arbeidet. Styret i Helse Vest RHF ber om å bli haldt løpande orientert om utviklinga fram til ny vurdering er gjort og er lagt fram for styret.*
3. *Det blir gjennomført ei ny brei fagleg vurdering av ei nordisk/internasjonale gruppe ekspertar om funksjonsdelinga/arbeidsdelinga innan nevrokirurgi i Helse Vest.*
4. *Administrerende direktør i Helse Vest RHF utarbeider forslag til mandat som blir godkjent av styret i Helse Vest RHF.*
5. *Styret ber om ei ny handsaming av saka etter dette.*

Vidare vedtok styret i Helse Vest RHF i sak **120/06** følgjande mandat for den faglege vurderinga av nevrokirurgisk verksemd:

Fagleg vurdering av nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest 2006 – 2007

Bakgrunn

Styret i Helse Vest RHF har i sak 96/06 vedtatt at det skal foretas ei evaluering av det nevrokirurgiske tilbodet i regionen. Evalueringa skal gjerast av internasjonale ekspertar.

Nevrokirurgi i Helse Vest RHF

Nevrokirurgi er i Helse Vest RHF organisert som ein høgspesialisert funksjon, jf styresak 105/05. Regionen har eit befolkningsgrunnlag på ca. 950 000 innbyggjarar. Hovudfunksjonen med ei fullverdig nevrokirurgisk avdeling er lagt til Haukeland Universitetssjukehus, Helse Bergen HF.

Styret i Helse Vest RHF har i tillegg vedtatt at det skal vere eit akutt nevrokirurgisk tilbod i Stavanger samt ein del elektiv kirurgi, jf. samarbeidsavtala inngått mellom Helse Bergen og Helse Stavanger (sjå under).

Samarbeidsavtala (av 24.08.05) regulerer oppgåvefordelinga og systemansvaret mellom dei to nevrokirurgiske einingane. Samarbeidsavtala legg opp til ei tett integrering av avdelingane. Styret har i sak 96/06 vedteke at avtala mellom Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF om nevrokirurgi blir vidareført. Dette er stadfesta i føretaksmøte 1. desember 2006.

Mandat

Formålet med vurderinga er å sikre eit godt og likeverdig nevrokirurgisk tilbod til befolkninga på Vestlandet samla, med utgangspunkt i beskrivinga av "nevrokirurgi i Helse Vest RHF" (sjå ovanfor).

- *Det skal gjerast ein fagleg gjennomgang av den nevrokirurgiske verksemda i Helse Vest, og organiseringa av denne på HF-nivå.*
- *Det skal gjerast ei brei vurdering av samarbeidsavtala som grunnlag for oppgåvefordeling mellom føretaka.*
- *Utvalet skal beskrive medisinsk- fagleg- og teknologisk utvikling av det nevrokirurgiske fagområdet, grenseflater og avgrensing til andre fagområde, inklusive støttefunksjonar og framtidig personell- og utstyrsbehov.*
- *Det skal gjerast ei vurdering av om det er fagleg grunnlag for å dele opp verksemda for elektive kraniotomiar mellom dei to avdelingane i Bergen og Stavanger.*

- Framlagte forslag til alternativ oppgåvedeling skal vurderast, jf. styresak D 107/06.

Helse Vest RHF koordinerer arbeidet. Evalueringa skal vere ferdigstilt så snart som mogeleg, seinast innan 01.05.07

Utvalet:

Professor Lennart Persson, Uppsala, Sverige

Sjefslege/docent Simo Valtonen, Åbo, Finland

Ledende overlæge, dr. med. Jannick Brennum, Glostrup, Danmark

Verksamhetschef Jan Hillman, Universitetssjukhuset i Linköping, Sverige

Utvalet som har gjort ein fagleg gjennomgang av nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest leverte 15.05.07 sin rapport til Helse Vest RHF. Det blir på denne bakgrunn lagt fram ny sak for styret i Helse Vest RHF.

Lennart Person presenterte den nordiske ekspertgruppa si faglege tilråding som følgjer:

- All nevrokirurgi i Helse Vest blir samla til HUS inklusive:
 - o behandling av store nevrotraumer
 - o all kirurgisk behandling av nevrotraumatologi
 - o all funksjonell intrakraniell kirurgi
 - o all parkinsonkirurgi
- HUS tar på seg ein tydeleg utadvendt og oppsøkjande rådgivings- og samarbeidsfunksjon i forhold til heile Helse Vest. På denne måten skal ein sikre nevrokirurgisk spesialisert konsulentverksemd for dei nevrologiske, onkologiske, ortopediske og pediatriske spesialitetane ved SUS. Dette kan sikrast ved ein kombinasjon av å vere til stades og ved telemedisinsk service.
- Det skal sikrast ein teknologisk infrastruktur som tillet telemedisinsk service frå HUS, også biletoverføring.
- Innan barnenevrokirurgi har HUS ansvar for å vise pasientar vidare til landsfunksjonar. Det blir tilrådd ei nasjonal utgreiing om barnenevrokirurgi.
- All parkinsonkirurgi skal flyttast til HUS, men medisinsk behandling skal fortsette på SUS.

Dersom tilrådinga over ikkje fullt ut kan implementerast, er ekspertgruppa einige om at ein på eit fagleg akseptabelt grunnlag kan organisere nevrokirurgien i Helse Vest på følgjande måte:

- HUS har fagleg ansvar for all nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest
- All intrakraniell nevrokirurgi, inklusive behandling av store nevrotraumer og all kirurgisk behandling av nevrotraumatologi skal utførast ved HUS
- HUS organiserer ein satelittfunksjon ved SUS etter følgjande prinsipp:
 - o HUS er fagleg ansvarleg, satelittverksemda skal leiast av nevrokirurgisk klinikkssjef ved HUS
 - o Dei nevrokirurgiske legane som har funksjon ved SUS, skal ha sin hovudfunksjon ved HUS.
 - o Nevrokirurgisk rådgivingsverksemd ved SUS skal utførast av ei gruppe legar med relevant og særleg nevrokirurgisk kompetanse.
 - o Satelittfunksjonen kan utover rådgivingsverksemd, ivareta elektiv spinalkirurgi innanfor degenerative ryggskjukdommar og funksjonell spinal kirurgi (implantasjon av pumper og stimulasjonssystem i spinalkanalen)
 - o Inga nevrokirurgisk vaktteneste ved SUS
- Dersom ein på tross av fagleg tilråding krev nevrokirurgisk vaktteneste ved SUS, finst det ikkje faglege innvendingar mot dette gitt at hovudprinsippa i tilrådinga blir følgde. I dei tilfelle der ein vurderer situasjonen slik at pasienten vil lide overlast ved transport til HUS, kan akutt kirurgi skje på SUS, med påfølgjande overflytting til HUS. Det vil kunne gjelde eit fåtals pasientar kvart år.
- Parkinsonkirurgi bør gå føre seg på same avdeling som den andre kranielle kirurgien fordi det opptrer sjeldne komplikasjonar ved denne typen kirurgi som krev intrakraniell intervensjon.

Ekspertgruppa har til slutt vurdert forslaget om å flytte funksjonell kirurgi frå SUS til HUS mot å flytte tumoroperasjonar til SUS. Gruppa ser på dette som ei form for "patient trading" som ikkje er medisinsk fagleg grunna. Helsevesenet bør organiserast på ein slik måte at ein sikrar best mogleg kvalitet og sikkerheit i pasientbehandlinga. Gruppa si klare oppfatning er at dette skjer best gjennom sentralisering av små høgt spesialiserte fag som til dømes nevrokirurgi.

Stavanger-regionen Næringsutvikling og Rogaland fylkeskommune har fått utarbeidd ein rapport om nevrokirurgisk tilbod knytt til Stavanger universitetssjukehus.

Helse Vest RHF mottok rapporten 09.05.07. Rapporten er utarbeidd av Professor Jens Haase, Aalborg universitet, og professor Marwan Hariz, National Hospital for Neurology and Neurosurgery, University College London. Rapporten har følgjande tilråding:

1. *De regionale landforhold og befolkningsudviklingen tilsiger at den neurokirurgiske funktion ved SUS opretholdes og udvikles.*
2. *Den neurokirurgiske afdeling i Stavanger bør ikke bygges ud til en komplet afdeling*
3. *For at sikre at den neurokirurgiske virksomhed som satelittfunktion skal bibeholdes i Stavanger anbefales:*
 - *At kirurgisk behandling af visse tumorer og anden "ikke kompliceret" neurokirurgi tillades på SUS*
 - *At man hjælpes ad med at opretholde udvikling af neurokirurger og assistentlæger, samt samler uddannelsesfunktionerne begge steder og udvikler et forskningsnetværk.*
 - *At det bliver muligt at gennemføre dele af træningen af unge neurokirurger ved SUS.*
 - *At det bliver muligt at have side uddannelse i neurokirurgisk funktion ved SUS for kommende ortopædkirurger, almen kirurger, neurologer, øre-næse-hals læger etc.*
 - *At den tilstedeværende kompetence i subspecialerne (funktionel neurokirurgi)*
 - *udnyttes bedre.*
 - *At der som led i udviklingen etableres et Spinalt Tværfagligt Center i samarbejde med Ortopædkirurgisk funktion ved SUS.*
 - *At det gøres muligt at gennemføre kvalitets sikring/vurdering af den akutte og elektive neurokirurgiske virksomhed og forskning.*

Oppsummerande hovudtrekk etter gjennomgang av dei 2 fagrapportane.

- Begge rapportane opnar for nevrokirurgisk verksemd i Stavanger. Usemja er knytt til kva type aktivitet som skal drivast, og i kva omfang.
- Begge rapportane er samde om at det ikkje skal vere ein fullverdig nevrokirurgisk avdeling i Stavanger og at Bergen skal ha hovudfunksjonen.
- Begge rapportane peikar på at det er naudsynt med eit tettare og betre fagleg samarbeid mellom Bergen og Stavanger.
- Begge rapportane peikar på at hovudargumentasjonen for nevrokirurgi i Helse Stavanger er knytt til nevrokirurgi ved akutte hovudskadar.
- Begge rapportane peikar på spinal kirurgi som eit satsingsområde innan nevrokirurgi for Stavanger.
- Begge rapportane peikar på ein styrka konsultasjonsfunksjon for nevrokirurgi i Stavanger.
- Den styreoppnemnde ekspertgruppa tilrår ei nasjonal utgreiing av barnenevrokirurgisk aktivitet i Noreg. Ein kan ikkje sjå at formuleringane i den alternative rapporten er i motstrid til dette.
- Begge rapportane peikar på ei aukande spesialisering av nevrokirurgien.

Styret er samde om:

- at alle innbyggjarane i dei tre fylka i helseregionen skal ha eit kvalitativt godt tilbod.
- at eit godt samarbeid mellom dei to helseføretaka er avgjerande.
- at det bør gjennomførast ei nasjonal utgreiing om organiseringa av barnenevrokirurgi.
- at det skal vere nevrokirurgisk verksemd i Stavanger og at Helse Stavanger framleis skal ha vaktberedskap ved nevrokirurgisk avdeling 24 timer i døgnet

Reidun Korsvoll sitt forslag til vedtak:

1. Gjennom eit konstruktivt og forpliktande samarbeid mellom HUS og SUS oppretthaldes og utviklast den nevrokirurgi8ske funksjonen på SUS.
2. I samsvar med anbefaling frå faggruppe opnes det fir kirurgisk behandling og visse tumorar og ikkje komplisert nevrokirurgi ved SUS.
3. SUS skal ikkje utvikla full nevrokirurgi8sk avdeling.
4. Det skal utarbeidast ein ny og eigen samarbeidsavtale mellom Helse Bergen og Helse Stavanger. Følgjande punkt skal inngå i avtalen:
 - a. Det skal vera eit nært og gjensidig forpliktande fagleg samarbeid mellom dei to nevrokirurgiske avdelingane. Dette skal m.a. skje gjennom felles faglege retningslinjer, prosedyrar, rutinar for kvalitetssikring og evaluering av behandlingsresultat. HUS skal ha eit hovudansvar for dette.
 - b. Det vert opna for elektive kraniotomiar ved SUS i et nærare avtalt avgrensa omfang, og på ein slik måte at omsynet til kvaliteten på pasientbehandlinga vert teken vare på både ved HUS og SUS.
 - c. Det skal skje utveksling av personell mellom avdelingane. Dette skal omfatte både legespesialistar og leger under spesialisering.
 - d. Helse Stavanger skal ha rekrutterings- og arbeidsgiveransvaret for nevrokirurgar i eige føretak.
 - e. Arbeidet med samarbeidsavtalen skal forankrast i toppleiinga i helseføretaka. Helse Vest vil ta initiativ til og leie arbeidet.

Ellen Solheim sitt forslag til vedtak:

1. Styret legger til grunn at det finnes to ekspertutvalg som har arbeidet ut fra samme mandat, vedtatt av Helse Vests styre, og har notert seg at ekspertene i begge utvalgene er enstemmige i sine uttalelser. Rapportene fra utvalgene viser stor enighet blant samtlige eksperter på mange viktige punkter. Det er imidlertid stor uenighet om hvorvidt Stavanger Universitetssykehus skal kunne foreta et begrenset antall planlagt hjernesvulstoperasjoner per år, som de gjorde inntil samarbeidsavtalen fra august 2005 satte en stopper for dette.
2. Styret fastslår med dette at Helse Bergen fortsatt skal ha hovedansvaret for nevrokirurgifunksjonen i Helse Vest.
3. Den nevrokirurgiske funksjonen ved Stavanger Universitetssykehus opprettholdes og videreutvikles, men bygges ikke ut til en komplett nevrokirurgisk avdeling.
4. Avdelingen i Stavanger skal ledes av person ansatt ved Stavanger Universitetssykehus. Helse Stavanger overtar rekrutterings- og arbeidsgiveransvaret for de tre nevrokirurgene som Helse Vests styre tidligere har vedtatt skal være i Stavanger.
5. Det åpnes for et begrenset antall planlagte hjernesvulstoperasjoner, ca. 30-35 operasjoner årlig, ved Stavanger Universitetssykehus.
6. Det igangsettes et samarbeid mellom Helse Stavanger og Helse Bergen for å beholde og utvikle nevrokirurger og assistentleger. Utdanningsfunksjonene legges til begge universitetssykehus, slik at det også blir mulig å gjennomføre deler av opplæringen ved Stavanger Universitetssykehus.
7. Det etableres et forskningsnettverk for nevrokirurgi i Helse Vest, med Universitetssykehuset i Bergen som ansvarlig for faglig ledelse av dette.
8. Styret ber administrerende direktør iverksette tiltak som kan bedre samarbeidet mellom nevrokirurgisk avdeling ved Haukeland Universitetssykehus og Stavanger Universitetssykehus.
9. Styret ber administrerende direktør ta initiativ til at det kan gjennomføres benchmarking av nevrokirurgi ved Stavanger Universitetssykehus, Haukeland Universitetssykehus og andre regionale sykehus som har nevrokirurgiske avdelinger, slik at det tjenestene som Helse Vests avdelinger utfører, kan bli målt i forhold til andre.
10. Styret ber administrerende direktør ta initiativ overfor nasjonale myndigheter for å få til en utredning om barnenevrokirurgi, slik at organiseringen av barnenevrokirurgi i Norge kan bli drøftet og avklart.

11. Styret ber administrerende direktør om å ta initiativ overfor nasjonale myndigheter om organisering av funksjonell intracraniell nevrokirurgi (Parkinsonkirurgi og lignende) i Norge. Inntil slik utredning foreligger, ber styret om at denne funksjonen fortsatt blir ivarettatt av Stavanger Universitetssykehus

Votering:

Dei 3 framlagte forslaga til vedtak vart stemt over i rekkjefølgje.

Ellen Solheim sitt forslag til vedtak fekk 3 stemmer - Ellen Solheim, Svein Andersen, Reidun Korsvoll, 8 stemte imot - Oddvard Nilsen, Kari Oftedal Lima, Gisle Handeland, Magnar Lussand, Gunnvor A Sunde, Aslaug Husa, Inger Hamborg, Helge Espelid

Reidun Korsvoll sitt forslag til vedtak fekk 3 stemmer - Ellen Solheim, Svein Andersen, Reidun Korsvoll, 8 stemte imot - Oddvard Nilsen, Kari Oftedal Lima, Gisle Handeland, Magnar Lussand, Gunnvor A Sunde, Aslaug Husa, Inger Hamborg, Helge Espelid

Administrerende direktør sitt forslag til vedtak fekk 8 stemmer – Oddvard Nilsen, Kari Oftedal Lima, Gisle Handeland, Magnar Lussand, Gunnvor A Sunde, Aslaug Husa, Inger Hamborg, Helge Espelid, 3 stemte imot – Ellen Solheim, Svein Andersen, Reidun Korsvoll

Vedtak (Vedtaket fekk 8 stemmer – Oddvard Nilsen, Kari Oftedal Lima, Gisle Handeland, Magnar Lussand, Gunnvor A Sunde, Aslaug Husa, Inger Hamborg, Helge Espelid, 3 stemte imot – Ellen Solheim, Svein Andersen, Reidun Korsvoll):

1. Styret legg til grunn at utforminga av spesialisthelsetenestetilbodet i Noreg byggjer på hovudprinsippet om eit regionalisert helsevesen jf St. meld. Nr 9 (1974-75) som og er vidareført i samband med føretaksreforma. Innan helseregionen skal det vere ei funksjonsfordeling mellom ulike typar sjukehus. Høgspesialiserte tenester skal som hovudprinsipp utøvast på ein stad i regionen, men ytast til pasientar i heile regionen jf. styresak 105/05.

Som eit sjukehus med høgspesialiserte funksjonar/regionfunksjonar (regionsjukehus) pliktar Helse Bergen ikkje bare å tilby høgspesialiserte tenester i eigne sjukehus, men skal og drive utadretta verksemd og etablere samarbeidsformer med dei andre helseføretaka i regionen slik at ein sikrar god kvalitet og pasientane sine behov for tilpassa tenester.

2. Det regionale helseføretaket skal sørge for spesialisthelseteneste til befolkninga i regionen og korleis dette tilbodet skal utformast for dei 3 fylka som utgjer Helse Vest-området, jf. spesialisthelsetenestelova § 2-1a og helseføretakslova § 1 ("sørge-for-ansvaret"). Regulering av regionfunksjonar er lagt til dei regionale helseføretaka, jf rundskriv I-19/2003.
3. Styret noterer seg at rapporten frå den nordiske ekspertgruppa er samstemd, og merkar seg dei klåre faglege tilrådingane.

Styret merkjer seg spesielt at den nordiske ekspertgruppa peikar på at eit oppsplitta nevrokirurgisk tenestetilbod svekkjer pasientbehandlinga og kvaliteten på tilbodet i dei 3 vestlandsfylka *samla sett*. Befolkningsunderlaget for nevrokirurgi i Helse Stavanger er monaleg mindre enn det ein finn for andre nevrokirurgiske avdelingar i Noreg og i Norden elles. Små einingar er sårbare når det gjeld å oppretthalde kompetanse innan høgspesialiserte funksjonar og oppsplitting svekkjer utdanninga av nye spesialistar.

4. Styret har og vurdert rapporten (vedlagt styresaka) som er laga på oppdrag frå Stavanger-regionen Næringsutvikling og Rogaland fylkeskommune.

5. Styret legg til grunn at nevrokirurgi er ein høgspesialisert funksjon som i full breidde skal utførast *ein* stad i regionen, jf styresak 105/2005. Helse Bergen HF har regionfunksjonen i nevrokirurgi i Helse Vest-området.
6. Det skal som i dag vere eit døgntilbod og dermed ei vaktdekking 24 timar i døgnet alle dagar for akutt hjelp ("øyeblikkelig hjelp") innan nevrokirurgi i Helse Stavanger.
7. Planlagd (elektiv) operativ nevrokirurgisk verksemd i Helse Stavanger blir ført vidare som i dag, jf protokoll frå føretaksmøtet i Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF 01.12.06, med unntak av Parkinsonkirurgi. Hovudfunksjonen er spinal kirurgi (kirurgi i rygg og nakke) for degenerative ryggsjukdomar og funksjonell spinal nevrokirurgi (implantasjon av pumper og stimulasjonssystem i spinalkanalen), jf rapporten frå den nordiske ekspertgruppa. Planlagde (elektive) craniotomiar skal ikkje utførast i Helse Stavanger HF.
8. Tilbodet til pasientar i Helse Stavanger som treng tilsyn/oppfølging/kontroll skal styrkjast ved at det blir etablert ordningar der relevant nevrokirurgisk spesialistkompetanse frå regionavdelinga utfører konsultasjonsverksemd i Stavanger etter ei fastlagd ordning for pasientgrupper som kan behandlast lokalt
9. Helse Bergen HF har det faglege systemansvaret for nevrokirurgi i Helse Vest. I omgrepet "fagleg systemansvar" inngår planlegging og sikring av funksjonsfordeling av planlagd nevrokirurgi på dagtid i tråd med dei overordna føringane i dette styrevedtaket, for bruk av felles fagressursar innan nevrokirurgi, og for utforming av felles faglege retningslinjer, felles kvalitetsregister, ansvaret for vaktordningar for nevrokirurgi i Helse Bergen og for bakvaktordning i Helse Stavanger slik det er i dag, jf vedtakspkt 6, og ansvar for å rekruttere og tilsette nevrokirurgar ved ledige stillingar.

Det skal etablerast ei rotasjonsordning ved regionavdelinga for tilsette innan nevrokirurgi i Helse Stavanger for å sikre kompetanse og samarbeid. Det skal og etablerast hospiteringsordningar og liknande ved regionavdelinga for relevante helsepersonellgrupper i Helse Stavanger.

Styret i Helse Bergen og styret i Helse Stavanger er ansvarlege for at systemansvaret kan utviklast og fungerer. Dei administrerande direktørane skal dokumentere kva som er gjort for å realisere systemansvaret. Det er styra i dei 2 føretaka som i vedtak skal melde avvik eller manglar i høve til dette punktet.

Dersom systemansvaret omtala i dette punktet ikkje let seg realisere, ber styret om at det blir fremma forslag om å etablere nevrokirurgi i Helse Stavanger som ein satelittfunksjon under Helse Bergen HF. Styret skal fatte vedtak om dette i eiga sak.

10. Styret ber om at administrerande direktør tek initiativ overfor nasjonale myndigheiter om ei utgreiing om organiseringa av funksjonell intracraniell nevrokirurgi (Parkinsonkirurgi og liknande) i Noreg. Inntil slik utgreiing ligg føre, ber styret om at tilrådingane i rapporten frå den nordiske ekspertgruppa blir følgd, dvs at all Parkinsonkirurgi blir utført i Bergen inntil det ligg føre nasjonale vedtak.
11. Styret merkjer seg tilrådinga frå den nordiske ekspertgruppa om ei nasjonal utgreiing om barnenevrokirurgi og ber administrerande direktør ta initiativ overfor nasjonale myndigheiter slik at organiseringa av barnenevrokirurgi i Noreg blir drøfta og avklart.
12. Vedtak i føretaksmøta for Helse Bergen og Helse Stavanger 01.12.06 blir erstatta av vedtak i eit nytt føretaksmøte som stadfester dette styrevedtaket.

B 07/42 Godkjenning av protokoll frå styremøte 11. april 2007

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 11. april 2007.

O 07/43 Administrerende direktør si orientering

1. Prosjekt "Raskere tilbake" Statusrapport

Administrasjonen orienterte om status i prosjektet.

Det er etablert samarbeid med NAV i dei 3 fylka i helseregion Vest.

Ordninga er etablert i 3 av 4 HF. Helse Stavanger har komme lengst i arbeidet med å etablere ordninga. Pr. 9. mai har Helse Vest fått tilvist 350 pasientar til ordninga. Om lag $\frac{3}{4}$ av pasientane er over 40 år og om lag $\frac{2}{3}$ har muskel-/skjelettplager.

Det pågår eit arbeid for å sjå på korleis ein kan nytte opptrenings- og rehabiliteringstenester inn i dette prosjektet.

2. Alternativ til vold senter i Rogaland – svar på spørsmål

Med bakgrunn i spørsmål frå Ellen Solheim om status for sak om Alternativ til vold senter i Rogaland viste administrasjonen til svarbrev til Rogaland fylkeskommune, dagsett 15.02.06. Det går fram av dette brevet at Helse Vest ikkje fant det riktig å stilla seg som initiativtakar og medansvarleg for etablering av slike sentra i vår region. Det er grunna med at dei eksisterande sentra er å forstå som ei førstelineteneste, finansiert med særskilte tilskott og ingen regionale helseføretak eller helseføretak har vore involvert i desse sentra. Det har vore og er likevel aktuelt å samarbeide med Alternativ til vold for helseføretaka.

Det er samstundes viktig å understreka at Helse Vest RHF i samarbeid med Helse Bergen HF har bygd opp eit regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging. Senteret har ca 13 årsverk og blir i 2007 gitt eit tilskott 11,7 mill. kr over statsbudsjettet. Senteret er lokalisert i Bergen men har heile regionen som ansvarsområde. Senteret skal gi undervisning, rettleiing og konsultasjon til helseføretaka og andre aktuelle samarbeidspartar som barne- og familievernet, politi, kriminalomsorg og kommunale tenester.

Styret ønskte å bli nærare orientert om det regionale ressurscenteret i Helse Bergen HF i eit nytt notat. Styret ønskte informasjon om bakgrunnen for etablering av kompetansesenteret, finansiering og oversikt over tenester som kompetansesenteret leverer til helseføretaka i regionen.

3. Tilskot til dekning av pensjonskostnader i samband med bestillinga 2007 for Haraldsplass Diakonale Sjukehus

Styret var samde om å handsame saka som ei beslutningssak sak 052/07 B

4. Oppdatert møteplan for 2007

Administrasjonen orienterte om følgjande endringar i møteplan som er gjennomført etter e-post korrespondanse med styret.

- Flytting av styremøte i juni frå 6. til 27. juni. Møtet er lagt til Førde, fordi mai-møtet vart flytta frå Førde til Stavanger.
- Styremøte 5. september er flytta til Haugesund for å samordne med NSH sin årskonferanse som er i Haugesund 5. – 7. september
- Styremøte 3. oktober og opplæringsdag 4. oktober er som ein konsekvens av endringa over flytta til Stavanger.
- HFa sine presentasjonar i styremøta er endra i forhold til møtestad.

5. Orientering om relevante lover og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat

6. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Administrasjonen viste til utsendt notat

7. Oversikt over høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering

B 07/44 Rapportering frå verksemda pr 31. mars 2007

Kommentarar:

Rapporteringa er utarbeidd med basis i informasjon pr 31. mars 2007. Tal for april vart presenterte i møte.

Kvalitet:

Mengda epikrisar som er sende innan 7 dagar gjekk ned med 3 % samanlikna med februar 2007, og delen ligg no på 64 %. Nedgangen har funne stad innan alle dei fire helseføretaka. Helse Førde har framleis den høgaste delen med 73 %, noko som er ein nedgang på 1 % frå februar.

Ventetidene innan somatikk har gått ned med 1 dag for ventande med rett, medan ventetida er uforandra samanlikna med februar 2007 for dei utan rett til nødvendig helsehjelp. Samla går ventetidene framleis svakt ned i Helse Stavanger og Helse Fonna, medan ventetidene i Helse Bergen er nær uforandra.

Innan barne- og ungdomspsykiatri gjekk ventetidene for dei med rett til nødvendig helsehjelp ned frå 78 dagar i februar til 77 dagar i mars. Ventetidene for dei utan rett gjekk vidare opp frå 102 dagar til 111 dagar i mars.

Aktivitet:

Aktivitetstala for perioden januar til mars viser at aktiviteten målt i sjukehusopphald er 2,9 % lågare enn den var i same periode i 2006. Utviklinga målt i DRG-poeng viser no ein vekst på 1,1 %, mot 0,3 % i førre månad.

Økonomi (Apriltal):

	Faktisk	Budsjett	Budsjettavvik
Apoteka Vest	7	-993	1,000
Helse Bergen	-100,951	-95,742	-5,209
Helse Fonna	-9,840	-12,478	2,639
Helse Førde	-36,272	-32,303	-3,969
Helse Stavanger	-77,643	-53,066	-24,577
Kjøp av helsetenester	-5,673	-8,004	2,331
Helse Vest (Mor)	-1,344	-1,049	-295
Helse Vest IKT	-1,240	-1,375	135
Sum	-232,956	-205,011	-27,945

	Årsprognose:	Årsbudsjett:	Avvik:
Apoteka Vest	2,043	4,387	-2,344
Helse Bergen	-153,000	-153,000	-0
Helse Fonna	-20,101	-38,000	17,899
Helse Førde	-80,341	-38,000	-42,341
Helse Stavanger	-51,297	-51,000	-297
Helse Vest (Mor)	0	-0	0
Kjøp av helsetenester	-24,000	-24,000	0
Helse Vest IKT	233	233	0
Sum	-326,463	-299,380	-27,083

Styret var uroa over den økonomiske utviklinga i Helse Stavanger HF.

Medarbeidarar:

Sjukefråværet går ned frå utgangen av februar til utgangen av mars med om lag 1% til 7,3%. Tal einingar med meir enn 4,5% sjukefråvær har samtidig gått ned frå 61,4% frå februar til 57,8% til utgangen av mars 2007. Sjukefråværet er over styringsmålet på 4,5% for 2007, men det er svært mange gode resultat i helseføretaka.

Netto månadsverk har til saman ei auke på 38 månadsverk.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok verksemdsrapport pr. 31. mars 2007 til orientering
2. Styret i Helse Vest RHF konstaterer at Helse Stavanger HF har eit resultatavvik pr 30.04 på kr - 24,6 mill kr. Styret i Helse Vest ber styret Helse Stavanger ta grep rundt den økonomiske utviklinga i føretaket. Styret i Helse Vest ber og om at styret i Helse Stavanger innan 18. juni melder tilbake korleis føretaket skal lukke det økonomiske avviket og sikre eit årsresultat i tråd med budsjett for 2007.

B 07/45 Årsoppgjer 2006 - Rekneskap og styret si årsmelding

Kommentarar:

Rekneskapen for føretaksgruppa skal byggje på dei konsoliderte føretaka sine rekneskapar og omfattar resultatrekneskap, balanse, kontantstraumsanalyse og noter.

Følgjande helseføretak og selskap inngår i konsernrekneskapen:

Helse Vest RHF
Helse Bergen HF
Helse Stavanger HF
Helse Fonna HF
Helse Førde HF
Helse Vest IKT AS
Vestlandsmat AS
Apoteka Vest HF

Rekneskapen for føretaksgruppa viser eit samla underskot på kr 914 619 364. Resultatet er forverra med 396 millionar i høve til rekneskapen for 2005. Justert for auka pensjonskostnader er resultatet forverra med kr 210 millionar.

Helse- og omsorgsdepartementet vil måla resultat etter at avskrivningar utover kva dei hadde lagt til grunn ved budsjetthandsaminga er trekt frå. Korrigert resultat blir etter dette:

Resultat i høve til årsrekneskapen - underskot	kr 914 619 364
Ført mot strukturfond	" -118 949 594
Meiravskrivingar som har skuld i kortare økonomiske levetider	" -204 294 450
Korrigert resultat – underskot	kr 591 375 320
Auka pensjonskostnader grunna endra økonomiske føresetnader	" -186 146 000
Resultat jf økonomisk krav frå HOD - underskot	kr 405 229 320

Resultatet for 2006 er alt for dårlig. Det er lagt opp til ein betydeleg tettare oppfølging i 2007 for å sikra at avvik blir oppdaga tidleg og tatt fatt i. Det er lagt opp til ein tettare oppfølging av iverksetting av tiltaka.

Når det gjeld resultatet for 2006 er det og grunn til å ta med:

- 1) Navo inngjekk eit forlik med LO v/Fagforbundet og Norsk Sykepleierforbund. Forliket har tilbakeverkande kraft tilbake til 2002. Dette vart kjent for Helse Vest i desember 2006. Kostnad kr 48 millionar.
- 2) Kvar haust gjennomgår HOD ISF inntektene som RHFa fekk føregåande år. Tidlegare år har dette gitt Helse Vest ein liten ekstraintekt. ISF oppgjeret for 2005, som vart avrekna i oktober 2006, gav Helse Vest ein kostnad på kr 60 millionar.
- 3) Grouperen (inntektene som HFa får relatert til diagnosar) vart endra i mars 2006. Det var lenge usikkert kva utslag dette gav for Helse Vest. Samla endra inntektsføresetnader/kostnader var kr 38 millionar.
- 4) Som styret tidlegare er orientert om er løyvingane til psykiatrien auka med kr 40 millionar ut over den økonomiske ramma Helse Vest har fått frå HOD. Tilsvarande er løyvinga til rus auka med kr 60 mill og rehabilitering auka med kr 12 millionar. Samla auke i kostnadene for Helse Vest ut over tildelt rammefinansiering vart kr 112 millionar.

Dette gjev følgjande oppstilling

Navo forlik	Kr 48 mill
ISF avrekning	Kr 60 mill
Grouper	Kr 38 mill
Totalt uforutsett	Kr 146 mill
Auka rus/psykiatri/rehabilitering	Kr 112 mill
Sum	Kr 258 mill

Av resultatavviket på kr 405 mill, gjenstår det då ca 150 millionar.

Styret registrerte at det er behov for ein gjennomgang for å sikre registrering og oversikt over varelager. Styret ønskte å komme tilbake til dette i samband med prioritering av krav til HFa i Styringsdokument 2008.

Styret gjorde ingen endringar i styret si årsmelding.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret legg vedlagte årsrekneskap med kontantstraumanalyse, og noter fram for føretaksmøtet til godkjenning
2. Styret vedtar styrets årsmelding med dei endringar som kjem fram i møtet.

B 07/46 Oppretting av konsernhovudverneombod

Kommentarar:

Saka vart utsett til neste styremøte 27. juni 2007.

B 07/48 Sosial- og helsedirektoratet sitt årlege brev til dei regionale helseføretaka 2007 (IS-2-2007)

Kommentarar:

Saka vart utsett til neste styremøte 27. juni 2007.

B 07/49 Legefördeling - Helse Stavanger HF

Kommentarar:

Helse Vest RHF fordeler kvart år nye legestillingar, tildelt frå Helse- og omsorgsdokumentet i Oppdragsdokumentet, til helseføretaka. I samband med ei undersøking som Riksrevisjonen foretar, er det avdekka eit stort tal stillingar som er oppretta utanom ordinær tildeling i Helse Stavanger HF.

Helse Vest RHF har i brev datert 23.3.2007 gitt tilbakemelding på dei spørsmåla som blei stilt frå Riksrevisjonen. Det er rapportert at Helse Stavanger HF har totalt 62 stillingar (42 overlegestillingar og 20 utdanningsstillingar) i avvik mellom tildelte og faktiske stillingar. Styret blei orientert om saka i styremøte 11.4.2007. Styret ba om at ny sak med forslag til løysing blir lagt fram i neste styremøte.

Helse Vest RHF ba i brev datert 12.4.2007 om at styret i Helse Stavanger HF drøfta saka snarast råd og kom med forslag til ei løysing på problemet.

Styret i Helse Stavanger HF behandla i møte 25.04.07 sak 040/07 O Legefördeling – Helse Stavanger HF. Styret fatta følgjande vedtak:

- 1. Styret ser alvorlig på at det foreligger et avvik mellom tildelte legehjemler fra Nasjonalt råd for legefördeling og det reelle antall leger som arbeider ved Helse Stavanger HF.*
- 2. Styret vil i samråd med Helse Vest RHF søke å lukke avviket så raskt det er praktisk mulig samtidig som man ivaretar de forpliktelser man har i forhold til pasientbehandling og undervisning.*
- 3. Styret ber administrasjonen prioritere sterkt å anvende nye stillingshjemler til å dekke opp for eksisterende ikke hjemlede stillinger. Dersom dette i enkelte tilfeller medfører uønskede konsekvenser og/eller utfordringer vil styret ha melding om dette.*
- 4. Styret vil anmode eier om å bli positivt prioritert ved fördeling av legestillinger for 2007/2008.*

Helse Vest ser det som vanskeleg å lukke eit så stort avvik på kort sikt og det må arbeidast både med strakstiltak, og tiltak på noko lengre sikt.

Helge Espelid sitt forslag til vedtak:

1. For 2007 blir helseføretaka tildelt legestillingar som etter tidligare fordelingsnøkkel.

2. Styret ber administrasjonen komme tilbake med ein oversikt over dei historiske tildelingane (sidan år 2002) og ei vurdering av om det har føregått ei skeivdeling. Ut i frå dette vil styret beslutte dei vidare føringane for tildeling slik at avviket (i Helse Stavanger) kan lukkast innan rimeleg tid.

Administrerande direktør sitt forslag til vedtak:

Styret i Helse Vest RHF tar saka til etterretning og ber administrerande direktør følgje opp saka overfor Sosial- og helsedirektoratet og Helse- og omsorgsdepartementet med sikte på å finne løysingar i tråd med forslaget i saksførelegget.

Votering:

Forslaga vart sett opp i mot kvarandre.

Administrerende direktør sitt forslag til vedtak fekk 1 stemme – Ellen Solheim.

Helge Espelid sitt forslag til vedtak fekk 10 stemmer – Oddvard Nilsen, Kari Oftedal Lima, Svein Andersen, Reidun Korsvoll, Gisle Handeland, Magnar Lussand, Gunnvor A. Sunde, Helge Espelid, Inger Hamborg, Aslaug Husa.

Vedtak (mot ein stemme: Ellen Solheim):

1. For 2007 blir helseføretaka tildelt legestillingar som etter tidligare fordelingsnøkkel.

2. Styret ber administrasjonen komme tilbake med ein oversikt over dei historiske tildelingane (sidan år 2002) og ei vurdering av om det har føregått ei skeivdeling. Ut i frå dette vil styret beslutte dei vidare føringane for tildeling slik at avviket (i Helse Stavanger) kan lukkast innan rimeleg tid.

B 07/50 Helse Bergen HF - sal av eigedomen Vestlundvegen 22 D

Kommentarar:

Saka vart utsett til neste styremøte 27. juni 2007.

B 07/51 Plan for internrevisjon 2007 - 2009

Kommentarar:

Saka vart utsett til neste styremøte 27. juni 2007.

B 07/52 Tilskot til dekning av pensjonskostnader i samband med bestillinga 2007 for Haraldsplass Diakonale Sjukehus

Kommentarar:

Helse Vest ønskjer å halde fast på tilbodet om å tilby HDS 4,8 mill kroner til dekning av auka pensjonskostnader i samband med bestillinga for 2007 og meiner at tilbodet HDS har fått er basert på føresetnader frå HOD.

Helse Vest vil ta opp spørsmålet om berekning av pensjonskostnader med HOD i forbindelse med budsjettet for 2008.

Styret var samde om å handsame saka som ei beslutningssak - sak 052/07 B

Vedtak (samrøystes):

Helse Vest vil ta opp spørsmålet om berekning av pensjonskostnader med Helse- og omsorgsdepartementet i forbindelse med budsjettet for 2008, med sikte på å kompensere det manglande mellomlegg.

07/53 Eventuelt

Status kjøp av opptrenings- og rehabiliteringstenester 2007 (Svein Andersen)

Svein Andersen ba om ei orientering om avtaler om kjøp av opptrenings- og rehabiliteringstenester for 2007 er inngått. Administrasjonen orienterte om at avtalene ikkje var signerte. Styret vil få vidare informasjon om saka på styremøte i juni.

Status ledige stillingar i Helse Vest RHF (Svein Andersen)

Administrasjonen orienterte om status i høve til rekruttering til følgjande ledige stillingar: Pasienthjelpar, Rekneskapskonsulent, Prosjektleiar, Bygg- og eigedomsskjef og Internrevisor. Pasienthjelpar har byrja i stillinga. Det er tilsett i stilling som bygg- og eigedomssjef og rekneskapskonsulent medan det er pågåande prosessar i høve til dei andre ledige stillingane. Administrasjonen orienterte og om avtale om rekruttering av legespesialistar frå Polen til Helse Førde HF.

Regulering av løn til administrerende direktør i Helse Vest RHF (Svein Andersen)

Svein Andersen ba om ei orientering om regulering av administrerende direktør si løn på styremøte i juni.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå HOD, dagsett 10.05.07 - pionerdykkere
- Brev frå Helse Vest til HOD, dagsett 07.05.07 – Årleg melding
- Brev frå Helse Vest til Helse Stavanger, dagsett 12.04.07 - Legefording
- Brev frå SHdir til HOD, dagsett 24.04.07 – Legestillingar helikopterbasen Sola
- Brev frå Helse Vest til Helse Stavanger, dagsett 25.04.07 - Legefording
- Brev frå Norsk reumatikerforening – pasienttransport
- Brev frå Riksrevisjonen, dagsett 25.04.07 – B12 og Bevital AS
- Brev frå Helse Vest til Riksrevisjonen, dagsett 08.05.07 - B12 og Bevital AS
- Brev frå Riksrevisjonen til RHFa, dagsett 13.04.07 – kjøp av legemidler
- Brev frå Helse Vest til Riksrevisjonen, dagsett 04.05.07 – kjøp av legemidler
- Brev frå Riksrevisjonen, dagsett 13.04.07 - kirurgiavtaler
- Brev frå Helse Vest RHF til Riksrevisjonen, dagsett 03.05.07 – kirurgiavtaler
- Brev frå Adv. DLA Piper, dagsett 19.04.07 – tilsvar til forliksklage
- Brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Helse Stavanger HF, dagsett 29.03.07 – avslutning av tilsyn nevro
- Brev frå Helse Vest RHF til Helsetilsynet i Rogaland, dagsett 04.05.07 – avslutning av tilsyn nevro
- Brev frå NAVO til Helse Vest RHF, dagsett 16.04.07 – oppfølging av sjukmelde
- Brev frå HOD til RHFa, dagsett 30.04.07 – Oppdragsdokument 2007 - tilleggskdok
- Brev frå HOD til RHFa, dagsett 25.04.07 - Oppdragsdokument 2007 - tilleggskdok
- Brev frå Helsetilsynet i Rogaland, dagsett 20.04.07 – LAR Rogaland
- Brev frå Statens Helsetilsyn, dagsett 11.05.07 – LAR Rogaland
- Brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Duedalen, dagsett 11.05.07 - Tilsyn
- Brev frå Statens Helsetilsyn, dagsett 18.04.07 – LAR Rogaland
- Brev frå inntektsfordelingsutvalet, dagsett 20.04.07 – invitasjon til møte
- Referat frå møte i det regionaler brukarutvalet 28. mars 2007

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møte:

- NRK ROGALAND Fredag 18.mai 2007, Nevrokirurgitilbudet i Stavanger
- Brev frå Stavanger kommune og Rogaland fylkeskommune til helse- og omsorgsminister Sylvia Brustad, dagsett 22.05.07 – Nevrokirurgisk virksomhet på Vestlandet
- Brev frå styret i Helse Stavanger HF til styret i Helse Vest, dagsett 22.05.07 – Vedr. det nevrokirurgiske tilbudet i Helse Stavanger
- Fax frå Ryfylkes ordførere til Helse Vest, dagsett 21.05.07 – Uttale frå Ryfylkes ordførere

- Brev frå ordførarar i dalane til styret i Helse Vest RHF, dagsett 18.05.07 – Nevrokirurgisk avdeling på SUS må bestå og nåværende beredskap opprettholdes
- E-post frå Rogaland SV til styret i Helse Vest, dagsett 22.05.07 – Uttale nevrokirurgi
- Brev frå brukerutvalget for SUS til Helse Vest, dagsett 15.05.07 – Angående nevrokirurgisk tilbud til Stavanger
- Brev frå styremedlemmer valgt blant de ansatte ved SUS til styret i Helse Vest RHF, dagsett 21.05.07 – Nevrokirurgi – Oppfølging av styresak 096/06 B i Helse Vest
- E-post og brev frå Haldor Slettebø, Klinikksjef Nevroklippen HUS, til styret i Helse Vest – Nokre presiseringar om nevrokirurgi i Helse Vest
- E-post frå Einar Knudsen, Stavangeraksjonen 2006, dagsett 20.05.07 med vedlegg – Utdypingar og presiseringar til styresak framlagt 16.5.07 angående nevrokirurgisk virksomhet i Helse Vest, utarbeidet av klinikkdirektør Jan Petter Larsen og avd.overlege Roald Baardsen SUS
- Innkalling til føretaksmøte i Helse Stavanger HF torsdag 24. mai 2007
- Innkalling til føretaksmøte i Helse Bergen HF torsdag 24. mai 2007
- E-post frå kommunelege 1 i Bjerkreim kommune, dagsett 22.05. 07 – Uttale frå kommuneoverlegane "Akuttmedisinsk beredskap forutsetter et godt nevrokirurgisk tilbud i Stavanger"
- Notat til styremedlemmene i Helse Vest frå Svein Arne Hapnes, seksjonsoverlege prehospital SUS, dagsett 22.05.07 – "Noen flyoperative momenter"
- Brev frå Haraldsplass diakonale sjukehus til styret i Helse Vest, dagsett 18.05.07 – Haraldsplass diakonale sjukehus – Bestilling 2007 og dekning av pensjonskostnader

Ref. Torunn Nilsen
Stavanger 23. mail 2007

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Svein Andersen

Reidun Korsvoll

Gisle Handeland

Ellen Solheim

Magnar Lussand

Gunnvor A. Sunde

Aslaug Husa

Inger F. Hamborg

Helge Espelid